

---

Saknr: 2020/45209-1  
Saksbehandlar: Hanne Marthe Espe

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		21.04.2020
Fylkesutvalet		30.04.2020

**Fjordane friluftsråd - søknad om tilskot til skjergardsteneste**

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet løyver kr 200.000 i tilskot til Fjordane Friluftsråd til innkjøp av arbeidsbåt for å etablere skjergardsteneste. Det er ein føresetnad at medlemskommunane Askvoll, Kinn og Bremanger og sett av midlar til etablering og drift av denne tenesta.

Budsjettet vert endra slik:

Konto 100110.149000 Til rådvelde for fylkesutvalet går ned med kr 200.000

Konto 460400.145000 Friluftsføremål aukar med kr 200.000

**Samandrag**

Fjordane friluftsråd søker om kr 600.000 i brev av 16.03.2020, i investeringstilskot til skjærgårdsteneste.

Klima- og miljødepartementet har i ein tidsavgrensa periode avsett midlar til ei utviding av skjergardstenesta langs kysten. Skjergardsteneste er eit samarbeid om skjøtsel og drift av båtbaserte friluftsområde mellom kommunar, fylkeskommunar, statlege myndigheiter og friluftsråda. Hausten 2019 vart Fjordane friluftsråd med i Vestkystparken, men dei har ikkje etablert ei eiga skjergardsteneste enno. Miljødirektoratet forvaltar dei statlege tilskotsmidlane og dei har vore i dialog med Fjordane Friluftsråd om vilkår for å bli ein del av ordninga. Ein eigna båt til teneste på kyst og ytre fjordstrøk er avgjerande for å få dette til, og Fjordane friluftsråd har i over 2 år jobba for å skaffe finansiering til ein 30 fot båt i marinealuminium med bauglem, kran og vinsj. Totalkostnaden på investeringa er kr 3 mill. Miljødirektoratet kan bidra med inntil 50% av investering og driftskostnadar. Investeringsbudsjettet legg opp til kr 1.5 mill. frå Miljødirektoratet, kr 600.000 frå Vestland fylkeskommune (+ kr 400.000 tidlegare løyvde midlar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune) og kr. 500.000 frå medlemskommunane (Solund, Kinn, Askvoll og Bremanger).

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Bergen og Omland Friluftsråd og Friluftsrådet Vest har hatt skjergardsteneste sidan 90 talet med veldig gode resultat. I Møre og Romsdal har dei nyleg etablert skjergardsteneste.

25.10.2019 vart Fjordane Friluftsråd med i Vestkystparken, og såleis ein del av eit strategisk, økonomisk og praktisk samarbeid knytt til forvaltning av friluftsområde langs kysten frå Eigarsund til Måløy. Eit viktig element i samarbeidet er skjergardstenesta som er den båtbaserte delen av verksemda. Fjordane friluftsråd er ikkje ein del av dette sidan dei ikkje har etablert ei eiga skjergardsteneste. Miljødirektoratet er positive til å bidra økonomisk til å få etablert ei skjergardsteneste på kyst og ytre fjordstrøk av tidlegare Sogn og Fjordane og har rettleia i høve til kjøp av egna båt (som er ein forutsetning). Miljødirektoratet har vore tydelege på at midlane til utviding av skjergardstenesta kjem til å bli omdisponerte av Klima- og miljødepartementet om det ikkje blir noko vedtak i år.

### Skildring av søknaden

Fjordane friluftsråd skriv i sin søknad at det bety veldig mykje for moglegheitene til å utvikle eit betre friluftsliv i skjergarden og eit betre miljø for alt levande liv, men og å skape positive ringverknader for andre næringar som vel å satse på m.a. turisme. Alle tiltak gjort med opprydding og tilrettelegging aukar brukarverdien og opplevinga av desse natur og friluftsområda. I tillegg vil det skape betre samarbeidsvilkår mellom kommunane og regionen. Eit aukande press på sjøareala til næringsformål gjer det viktig å ha ei synleg båtteneste som kan oppfylle kommunane sine planar for friluftslivstiltak.

Tenesta skal m.a. jobbe med:

- a) Utvikling, skjøtsel og tiltak for friluftsliv i skjergarden, statleg sikra område, drift av kai, teltplassar, parkering, toalett, badeplassar m.m.
- b) Vern og skjøtsel av område med biologisk mangfald - sjøfuglreservat i samarbeid med Fylkesmannen og SNO. Områda Fjordane friluftsråd forvaltar er blant dei største sjøfuglreservata i landet.
- c) Jobbe med marin forsøpling
- d) Båten vere i beredskap som transportstøtte til oljevern, brann m.a. i kommunane.

### Vurdering av søknaden

Det er fylkesrådmannen si erfaring at friluftsråd er ein effektiv måte å organisere interkommunalt samarbeid om friluftsliv, og at ein bør søkje å utvikle organisasjonsstrukturen til å dekke heile Vestland så raskt som mogeleg. Dette er i samsvar med dei to regionale kulturplanane i Hordaland og Sogn og Fjordane, der det går fram at alle kommunar skal ha høve til å vere med i eit friluftsråd. 14 kommunar i tidlegare Sogn og Fjordane er framleis ikkje med i friluftsråd.

Fjordane friluftsråd blir ein viktig aktør for å nå dette målet. Dei midlane som er avsett til Vestkystparken vil ikkje Fjordane friluftsråd få del i før dei har fått etablert skjærgårdsteneste - og dei må investere i båt for å kunne etablere dette.

Fjordane Friluftsråd er eit nyetablert friluftsråd og det er fylkesrådmannen si vurdering at friluftsrådet treng litt meir drahjelp enn dei to andre veletablerte for å kunne bli ein del av skjærgardstenesta.

Når det gjeld samla kotnad og fylkeskommunal del gjer fylkesrådmannen gjer framlegg om ei løyving på kr 200.000,- Med tillegg av tidlegare løyving på kr 400.000,- frå Sogn og Fjordane fylkeskommune er samla regionalt bidrag dermed på kr 600.000,-

### Økonomi

Det er Miljødirektoratet som skal godkjenne ei slik teneste, men etableringa må først forankrast ved at medlemskommunane forpliktar seg med investeringsmidlar og langsiktige årlege driftsmidlar. Fylkeskommunen må og bidra til investering og drift, før ein rettar søknaden til Miljødirektoratet. Tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune har løyvd kr 400.000 til investering og Solund kommune som ein av medlemene har løyvd kr 250.000, medan kommunane Askvoll, Kinn og Bremanger enno ikkje har sett av midlar til denne tenesta. I samråd med Miljødirektoratet

er det sett på båtløysningar med ei kostnadsramme som gjev lågare investerings- og driftskostnader.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Løyving frå fylkesutvalet sin rådveldkonto over budsjettkonto 100110.149000

**Klima:** Tiltaket skal bidra til å utvikle eit betre friluftsliv i skjergarden og eit betre miljø for alt levande liv

**Folkehelse:** Utvikling, skjøtsel og tiltak for friluftsliv i skjergarden skapar areal og område for rekreasjon m.m.

**Regional planstrategi:** Regional planstrategi er under utarbeiding, og vil vere forankra i berekraftsmåla. Denne søknaden underbygger tiltak for å nå berekraftsmål 14 og 15.

Konklusjon

Fjordane friluftsråd vart innlemma i Vestkystparken i oktober 2019, og fylkesrådmannen er positiv til utvidinga og ser verdien i at ein no kan utvide og vidareutvikle aktiviteten langs heile Vestlandskysten. Fylkesrådmannen vil såleis tilrå å støtte søknaden frå Fjordane friluftsråd med føresetnad at medlemskommunane Askvoll, Kinn og Bremanger og sett av midlar til etablering og drift av denne tenesta.

Midlane som Klima- og miljødepartementet har avsett til ei utviding av skjergardstenesta langs kysten er tidsavgrensa, og Miljødirektoratet har gitt signal om at dei treng ei relativ rask avklaring om Fjordane friluftsråd vil søke om midlar til etablering av ei skjergardsteneste.